

# Notat

Til: Elin Houlison Molvik, Marianne Aadland Sandvik

Kopi til:

Saksbehandler: Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning/Irene Wilhelmsen

Vår referanse: 20/8977 - 2 / FA-Q00, GBNR-424/211

Dato: 11.05.2020

Emne: Uttale på oversendt søknad om dispensasjon for flytting av delar av fortau - gbnr 424/211 Bø

Avdeling for Samferdsel, veg-, vatn- og avløpsforvaltning har motteke søknad om dispensasjon frå reguleringsplan «Områdeplan for Bø skule og barnehage, Planid.1 260201700090» til uttale som lokal vegmynde.

Då dette er avvik frå plan mot fylkesveg, kan ikkje kommunen si vegavdeling setje krav til ein evt. dispensasjon.

Ut frå dei opplysningane som er gitt i søknaden, meiner vegavdelinga i Alver kommune at dette vil vere ei løysing som kunne vore godkjent om det var kommunal veg. Det viktige er at overvatn vert handtert på ein god måte, at anna vegareal for bla snøopplag, skilt, framtidige lysmaster etc. er tatt hand om.

Den nye grøfta som dispensasjonssøknaden skildrar, skil vegen frå gangarealet og er så breid at denne kan fungere både for handtering av overvatn og som anna vegareal.

Så lenge den nye løysinga er tilpassa eksisterande veg og fortau på ein god måte og det ikkje vert unaturlege linjeføringar langs eksisterande veg, vil dette vere ei løysing kommunen kan anbefale å gi dispensasjon for.

Mvh

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Samferdsel, veg-, vatn- og  
avløpsforvaltning

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

Samferdsel, veg-, vatn- og  
avløpsforvaltning